

300 kilo fisk passert

24.07.2012

Rapporteringa til elveigarlaget er i ferd med å gå seg til og no kan vi lesa på heimesida at 300 kilo er passert. Det har vore brukbare fisketilhøve dei siste dagane i samband med regnet og bra med fiskarar langs elva.

Vi merkar oss mellom anna at Jostein Almås frå Stord er attende og har fått fiskar på 3 og 4,2 kilo. Tidlegare i sesongen tok han over 50 kilo fisk åleine.

Seinare har også Atle Mathisen gjort seg sterkt gjeldande på statistikken med 10 fanga fiskar på tilsaman i overkant av 30 kilo.

Når det gjeld fiskeplassar er det tydeleg at mellom andre Djupehølen er ein gunstig stad.